

FELLES FRÅSEGN OM MERKURPROGRAMMET FRÅ REGIONRÅDA HAFS OG SIS

Regionråda HAFS og SiS, som består av kommunane Hyllestad, Askvoll, Fjaler, Solund, Flora, Jølster, Naustdal, Gaular og Førde, samt Vågsøy kommune, er uroa for at Merkur-programmet (Merkantilt kompetanseprogram for utkantbutikkane i regionane) står i fare for å bli nedlagt. Bakgrunnen er at Kommunal- og moderniseringsdepartementet har bestemt at Merkur skal bli ein del av Distriktssenteret frå 2019. Når ekspertutvalet i samband med regionreforma samstundes rår til at Distriktssenteret sine oppgåver skal flyttast til fylkeskommunane og senteret leggst ned, er vi sterkt redde for at det vil føre til at også Merkur-programmet blir nedlagt.

Regionråda i Sunnfjord og HAFS har sær positive erfaringar med MERKUR-programmet som eit viktig og sær effektivt drive kompetanseprogram for utvikling av utkantbutikker. MERKUR har vore evaluert fleire gonger sidan etableringa i 1995, alle gonger med svært godt resultat.

MERKUR-programmet sitt fokus på å utvikle lokalbutikken som eit servicesenter for utkantsamfunn, har gjeve positive resultat og medfører at kommunane og regionråda no får sterke innspel både frå lokalbutikker og lokalbefolkning om å finne ordningar som kan berge MERKUR-programmet uskada gjennom regionreformen.

Spisskompetansen på butikk- og bygdeutvikling, som i dag er bygd opp i sekretariatet (3 tilsette) og hos 10 konsulentar spreidde over heile landet, vil lett smuldre bort dersom dette apparatet skal fordelast ut over 10 fylkeskommunar

Regionråda HAFS og SiS meiner at Merkurprogrammet bør oppretthaldast som ei eiga ordning også i framtida og organisert slik som i dag.